

Landbrukskalenderen 2021



Lokalmat



Rogaland har mykje å vere stolt av! I tillegg til ein stor og viktig matproduksjon av nasjonal betydning leverer no omkring 150 lokalmatprodusentar sine utsøkte produkt til butikkar, restaurantar, gardsutsal, via REKO-ringar eller direkte frå garden. Foredling av eigne produkt er HOT! Rogalendingen er kreativ og innovativ, og kjem stadig med nye kvalitetsprodukt og etablerer fort eit ysteri, cideri, bryggeri, sopperi, kjøthus eller eit gardsutsal. Ofte er det ei god historie om garden og produktet med på kjøpet.

Januar

Hugs:

- Januar er månaden for innsending av rapport for nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) i 2020 og aktivitetsbudsjett for 2021.
-
-
-

| Mandag | Tirsdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Lørdag | Søndag |
|--------|---------|--------|---------|--------------------|--------|--|
| | | | | 1 1. nyttårsdag | 2 | 3 |
| 19 | 20 | 6 | 7 | 8 | 9 | 10 er frist for etter-registreng for opplysninger i søknad om produksjons- og avløysertilskot. |
| 11 | 12 | 13 | 14 | 15 | 16 | 17 |
| 18 | 19 | 20 | 21 | 22 | 23 | 24 |
| 25 | 26 | 27 | 21 | 22 | 30 | 31 |

Skogsbilvegar



Rogaland har særskilt gode forhold for skogproduksjon, men klimaendringane, topografien og etterspørselen etter råstoff gjennom heile året stiller store krav til skogsbilvegnettet. Det er lagt ned stor innsats med å utarbeide hovedplanar for skogsvegar i dei fleste kommunane i Rogaland, og desse er ei viktig rettesnor for styring av dei økonomiske verkemidla og mobiliseringssarbeidet for å få gjennomslag for gode felles vegløysingar.

Fotograf: Kristoffer Tveterå, skogsbilveg i Stokkdal i Vindafjord kommune.

Februar

| Mandag | Tirsdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Lørdag | Søndag |
|--------|---------|--------|---------|--------|--------|--------|
| 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 |
| 8 | 9 | 10 | 11 | 12 | 13 | 14 |
| 15 | 16 | 17 | 18 | 19 | 20 | 21 |
| 22 | 23 | 24 | 25 | 26 | 27 | 28 |
| | | | | | | |

Hugs:

- Prosjektmidlar i Handlingsprogram landbruk blir lyst ut. Følg med på Rogaland fylkesommune sin nettstad.
-
-
-



Miljøvenleg gjødelspreiing

Når du nyttar utstyr der du skyt husdyrgjødsla inn i bakken eller legg den rett på bakken, går gjødsla dit den gjer nytte, nemleg til planterøtene. Slik kan nitrogentapet reduserast opp mot 80 prosent. Rogaland har mykje husdyrgjødsel, og årleg blir det tildelt over 10 millionar kroner i regionalt miljøtilskot til jordbruksføretak som gjødsler med miljøvenleg spreieutstyr.

Fotograf: Nono Dimby, slangespreiing i Time kommune.

Mars

| Mandag | Tirsdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Lørdag | Søndag |
|---|---------|--------|---------|--------|--------|-------------------|
| 1 Frist tilledato husdyr | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 |
| 8 | 9 | 10 | | 12 | 13 | 14 |
| 15 Frist for produksjons- og avløysar-tilskot og landbruksskonferanse | 16 | 17 | 18 | 19 | 20 | 21 |
| 22 | 23 | 24 | 25 | 26 | 27 | 28 Palmesøndag |
| 29 Frist for eventuell endring av opplysninger i inndevert søknad om produksjonstilskot | 30 | 31 | | | | |

Hugs:

- Frist for tilrettelegging vipestripe.
 - Søknadsfrist for prosjektmidler til regionale klima- og miljøtiltak.
-
-
-

Vipa kjem!

Når vipa er kome er våren her! Vipa er Rogaland sin fylkesfugl. Den trivst i bøndene sitt opne landskap og legg egg på bakken frå starten av mars.

Diverre har bestanden minka med 75 - 80 prosent sidan 80-talet. Rovdyr kan forsyne seg grovt av egg og ungar. I tillegg er vipa avhengig av varsame traktorsjåførar. For å ta omsyn til dei hekkande vipene kan bonden spreie gjødsla og pløye tidleg om våren, og passe på å køyre utanom reira.

Agromiljø har utvikla eigne «vipediskar» for å leggje over reira under gjødselkjøringa. Treng du ein vipedisk? Ta kontakt med Statsforvaltaren i Rogaland.

Fotograf: Tonje Fjermestad Aase, biletet viser ein varslande vipehunn med fugleunge, frå Tungenes i Randaberg kommune.

April

Hugs:

- Skog- det er tid for resultatkartlegging og foryngingskontroll før det blir grønt i plantefeltet.
-
-
-

| Mandag | Tirsdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Lørdag | Søndag |
|--------|---------|--------|-------------------|-----------------|--------|------------------|
| | | | 1 Skjærtorsdag | 2 Langfredag | 3 | 4 1. påskedag |
| 14 | 15 | 7 | 8 | 9 | 10 | 11 |
| 12 | 13 | 14 | 15 | 16 | 17 | 18 |
| 19 | 20 | 21 | 22 | 23 | 24 | 25 |
| 26 | 27 | 28 | 29 | 23 | 24 | |

Frukt

Ei satsing på frukt i 2014 har resultert i mange nye fruktprodusentar. 100 dekar med morellar i tunnel og over 500 dekar med eple er i dei seinare åra blitt planta. Trea vert planta mykje tettare enn før og har automatisk vatning og gjødsling. Avlinga er 3 -4 gonger større enn på gamlemåten då dei fekk 1 tonn eple per dekar.

Einskilde fruktbønder har fått opp mot 6 tonn per dekar. Fruktbønder kan søke Innovasjon Norge om finansiering av fruktfelt. Pærebrann vart for første gong observert i ein kommersiell frukthage i 2020.



Fotograf: Kari Sand, motivet viser eplebloming på Tau i Strand kommune.

Mai

Hugs:

| Mandag | Tirsdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Lørdag | Søndag |
|--------------------|---------|--------|-----------------------------|--------|---------------------------|-------------------|
| | | | | | 1 Offentlig høytidsdag | 2 |
| 3 | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 | 9 |
| 10 | 11 | 12 | 13 Kristi Himmelfartsdag | 14 | 15 | 16 |
| 17 Grunnlovsdag | 18 | 19 | 20 | 21 | 22 | 23 1. pinsedag |
| 24 2.pinsedag | 25 | 26 | 27 | 28 | 29 | 30 |
| 31 | | | | | | |

Det mangfaldige beitet



Fotograf: May Kristin Lofthus, motivet er av ku-rasen limousin på fjellbeite. Bilete er tatt i Åbødalen, Sauda.

Heiaføring er kulturarv. Det storslattede, opne og grasrike landskapet vi ser i dag speglar tidlegare driftsnormer med beiting og slått. Det er eit politiskt mål om å auke bruken av norske fôrressursar. Omlag 75% av Rogaland sitt landareal er utmark. Her kan utmarka bidra med endå meir enn den gjer i dag. Beitetrykket er per i dag for lågt og gjere at utmarka gror igjen. Beitinga i utmarka reduserar også smittetrykket og dyra får betre helse og velferd.

Juni

Hugs:

| Mandag | Tirsdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Lørdag | Søndag |
|--------|--|--------|---------|--------|--------|--------|
| | 1. Frist innmelding og behov for ekstra SMIL og dreneringsmidlar | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| 7 | 8 | 9 | 10 | 11 | 12 | 13 |
| 14 | 15 | 16 | 17 | 18 | 19 | 20 |
| 21 | 22 | 23 | 24 | 25 | 26 | 27 |
| 28 | 29 | 30 | | | | |

Jordbruk

Bondene i Rogaland produserer mykje god mat. Dei står for heile 20 % av landets produksjon av mjølk, storfekjøt, sau og lam i Noreg. Mat av beste kvalitet, produsert i heile Rogaland. Og på mange måtar er alt dette eit resultat av sola.

Fotosyntesen er føresetnaden for graset og graset er vidare ein føresetnad for at våre firmaga dyr skal omsetja energi og protein. Det er dette vi kaller for det tradisjonelle jordbruket. Produksjon av mat til folk flest. Joda, på sett og vis på tradisjonelle måtar. Men langt frå på konservative måtar. Jordbruksnæringa er ei teknologidriven næring.



Fotograf: Pia Flætre, Blikrabygda, Øvre Vats, Vindafjord, når det ser ut som det har regna siloballar!

Juli

Hugs:

| Mandag | Tirsdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Lørdag | Søndag |
|--------|---------|--------|---------|--------|--------|--------|
| | | | 1 | 2 | 3 | 4 |
| 5 | 6 | 7 | 8 | 9 | 10 | 11 |
| 12 | 13 | 14 | 15 | 16 | 17 | 18 |
| 19 | 20 | 21 | 22 | 23 | 24 | 25 |
| 26 | 27 | 28 | 29 | 30 | 31 | |

Pollinatorar

Meir einsarta landskap med lite blomsterartar gjer det vanskeleg for dei ville pollinatorene å finne mat. Raigras er bra for kua men gir lite mat til humla.

I Rogaland gir vi regionalt miljøtilskot til dei bøndene som vil sette av eit areal og stelle det slik at det blir bra for dei ville pollinatorene. Det kan anten vere ei sådd sone eller skjøtsel av eit område som er naturleg rikt på blomsterartar.

Hugs at du som hageeigar også kan bidra til betre levevilkår for våre ville bier. Og visst du lurte – humla er ein type bier.

Fotograf: Endre Grüner Ofstad, motivet visar humle og tistel.



August

| Mandag | Tirsdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Lørdag | Søndag |
|--------|---|--------|---------|--------|--------|--------|
| | | | | | | 1 |
| 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 |
| 9 | 10 Siste frist for miljøvenleg gjødselspreiing, regionalt miljøtilskot | 11 | 12 | 13 | 14 | 15 |
| 16 | 17 | 18 | 19 | 20 | 21 | 22 |
| 23 | 24 | 25 | 26 | 27 | 28 | 29 |
| 30 | 31 | | | | | |

Hugs:

Kulturlandskap

Levande bygder og aktivt landbruk bidreg til at Norge er eit attraktivt reisemål. Mykje av det naturbaserte reiselivet baserer seg på kulturlandskapet, og beitedyr er vår viktigaste alliert for å halde landskapet opent.

Landbruksforetak kan søke støtte her eller under viktige merkedatoer/ ordninger: frå ordningane spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) og regionalt miljøtilskot (RMP) til skilting, gjerdeklyver og anna form til tilrettelegging for turgårar og til å ta vare på kulturminne.

I Stavanger og Suldal kommune ligg «utvalde kulturlandskap» (UKL) som har si eiga støtteordning.

Fotograf: May Kristin Lofthus, motivet visar sauar på Åsstølen i Suldal.

September

| Mandag | Tirsdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Lørdag | Søndag |
|--------|---------|--------|---|--------|--------|--------|
| | | 1 | 2 Frist rapportering 2021 og budsjett 2022 SMIL-dren- ering-UKL | 3 | 4 | 5 |
| 6 | 7 | 8 | 9 | 10 | 11 | 12 |
| 13 | 14 | 15 | 16 | 17 | 18 | 19 |
| 20 | 21 | 22 | 23 | 24 | 25 | 26 |
| 27 | 28 | 29 | 30 | | | |

Hugs:

- Rapportering av førebels forbruk av nærings- og miljøtiltaksmidlar i skogbruket.
-
-
-

Grøntsatsinga



Det milde klimaet i Rogaland og mykje god grønsaksjord legg til rette for meir grønsaker. Utprøving av nye sorter, utvida vekstsesong og alternative salskanalar kan vere ein aktuell tilnærming. Innovasjon Norge forvaltar midlar som er sett av spesielt til føremålet å auke små- og storskala grønsaksproduksjon. For forbrukarar som kjøper økologisk mat står betre tilgong til norsk-produserte økologiske grønsaker øvst på ønskjelista.

Fotograf: Annabell Pfluger, biletet viser tidlegpotet på Sola.

Oktober

Hugs:

- Tid for resultatkartlegging forynignskontroll.
-
-
-

| Mandag | Tirsdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Lørdag | Søndag |
|--------|---------|--------|---------|---|--------|--|
| | | | | 1 Frist tilledato husdyr | 2 | 3 |
| 4 | 5 | 6 | 7 | 8 | 9 | 10 |
| 11 | 12 | 13 | 14 | 15 Frist for produksjon- og avløsertilskot. Frist regionalt miljøtilskot | 16 | 17 |
| 18 | 19 | 20 | 21 | 22 | 23 | 24 |
| 25 | 26 | 27 | 28 | 29 Frist for eventuell endring av opplysninger i innlevert søknad om produksjonstilskot | 30 | 31 Frist for å søke erstatning ved produksjonssvikt i plante- og honningproduksjon |

Jordvern



Her ligg ei god grasavling frå det normalåret 2020 lagra i lang rekker, produsert tett på Stavanger by ved Ytre Tasta. Dette er av dei beste jordbruksareala i landet. At Rogaland toppar statistikken i landet når det gjeld tap av matjord er ein historie vi ikkje kan vere stolte av. Berre ein prosent av landarealet i Noreg er av så god kvalitet at vi kan dyrke korn der, og dette kan i liten grad erstattast gjennom nydyrkning. Vi får håpe og tru at vedteken Jordvernstrategi for matfylket Rogaland gir eit resultat i form av redusert tap av jord, og at jordvern blir eit meir sentralt tema både i politikken og i arealplanlegginga. Og at jorda på biletet ikkje forsvinn som sola i havet.

Fotograf: Anfinn Rosnes, biletet viser god grasavling på Ytre Tasta i Stavanger kommune.

November

| Mandag | Tirsdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Lørdag | Søndag |
|--|---------|--------|---------|--------|--------|--------|
| 1 Frist for erstatning for tap av husdyr til freda rovvilt. | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 |
| 8 | 9 | 10 | 11 | 12 | 13 | 14 |
| 15 Søknadsfrist organisert beitebruk | 16 | 17 | 18 | 19 | 20 | 21 |
| 22 | 23 | 24 | 25 | 26 | 27 | 28 |
| 29 | 30 | | | | | |

Hugs:

- Flytande frist for å legge inn planlagte veger i vegbanken i ØKS som grunnlag for tildeling av midler til vegbygging.
 - Flytande frist for kommunen til å bevilge tilskot til miljøtiltak i skogbruket, skrive og sende ut vedtaksbrev fra ØKS i den enkelte sak.
-
-
-

Juletreproduksjon



Rogaland er det fylket med den styrst juletreproduksjonen i Noreg. Eit klima utan frost i vekstsesongen, og økonomiske og miljømessige forsvarlege transportkostnadar er fordeler rogalendingane kan dra nytte av i konkurransen med plasttre og importerte juletre.

For mange bønder kan juletreproduksjon vere eit ekstra bein å stå på, og produksjonen bidrar til lokale arbeidsstader og verdiskaping. Og det er framleis plass til nye produsentar i næringa.

Fotograf: Gudrun Margrethe Dyrseth. "Grønt gull i enden av regnbogen". Bilete viser juletreproduksjon på Imsland, Vindafjord kommune.

Desember

| Mandag | Tirsdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Lørdag | Søndag |
|--------|---------|--|---------|--------------------|------------------|------------------|
| | | 1 Søknadsfrist mentorordning i landbruket | 2 | 3 | 4 | 5 |
| 6 | 7 | 8 | 9 | 10 | 11 | 12 |
| 13 | 14 | 15 | 16 | 17 | 18 | 19 |
| 20 | 21 | 22 | 23 | 24 Juleaften | 25 1. juledag | 26 2. juledag |
| 27 | 28 | 29 | 30 | 31 Nyttårsaften | | |

Hugs:

- Rogaland landbrukselskap søker kandidatar til sin heiderspris.